

# Referat frå møte i Utvalet for undervisning og internasjonalisering, Institutt for framandspråk

**Møtedato:** 7. september 2011

**Til stades:** Sissel Læg Reid, Gita Pattanaik Rongevær, Ana Beatriz Chiquito, Marie Ljones, Guro Sandnes, Marco Gargiulo, Odile Halmøy, Ludmila Torlakova, Brita Bryn, Bente Hannisdal, Melanie Gilbert, Anna Polster, Lene Johannessen, Helene Myrdahl, Jon Askeland, Kjetil B. Henjum.

**Forfall:** Sandra Halverson, Shabo Talay, Benedicte Irgens, Gunnar Grendstad, Ivar Utne, Ann Tveit, Ingrid Rostad.

## Sak 18/11 Orienteringssaker

- **søknadstal/opptak/frammøte:** Kjetil orienterte om opptakstala. Engelsk og russisk har fleire studentar enn det talet på opptak skulle tilseie.
- **Ka vil du bli?** Skal arrangerast 26. og 27. oktober. Skuleklassar blir invitert til ein felles fagdag for LLE og IF. Kjetil sender ut fjorårets program til fagkoordinatorane, og ber om at ein førebur eit bidrag.
- **Tilsetjing av universitetslektorar i fast stilling:** Fakultetet ønskjer ikkje å tilsetje lektorar fast ved instituttet. Fakultetet stiller seg noko skeptisk til dette, og har bedt instituttet om å sende inn ein revidert modell til tilsetjing av lektorar.
- **Samarbeid med Seoul National University:** Universitetet i Seoul ønskjer å inngå avtaler med UiB. Ei fare kan vere at ei slik avtale ikkje vil bli brukt i stor nok grad av IF.
- **Nytt felles masteremne i litteratur, status:** Faga fransk, tysk, russisk og italiensk ønskjer eit felles masteremne i komparativ litteratur. Andre fag ved instituttet er velkomne til å føye seg til. Eit problem ved det noverande systemet er at russisk ikkje har ressursar til å kunne tilby emne i litteratur kvart år. Difor vil det vere ein fordel med eit felles emne. Det vil òg vere ein fordel for studentane med større fagmiljø, på tvers av fag. Emnet skal føregå på norsk, eller eventuelt engelsk. Ideelt sett ønskjer ein å starte opp studiet vårsemesteret 2012. Eit potensielt problem kan vere at emnet vil kunne brukast i ein ressursdebatt om oppretthalding av små fag.
- **Italienskemne i Roma:** mykje må framleis avklarast før det blir teke opp ved eit seinare møte.
- **Fagleg pedagogisk dag:** 3 februar 2012, for lærarar i den vidaregåande skulen. Ein vil oppfordre fagmiljøa til å bli med.
- **Lærarutdanningsutvalet (LUF) er nedlagt.** Årsaka er at det blir betrakta som overflødig. LUHF blir erstatta av studiestyret.

**Sak 19/11 (diskusjonssak): Oppretting av tverrfagleg mastergrad i regi av NOMA (Master in Educational Technologies and Digital Resources)**

UiB har søkt om etablering av eit masterprogram som skal føregå i Bolivia, som eit samarbeidsprosjekt mellom UiB, Universidad privada del Valle, Bolivia og Eafit Universidad, Colombia, og har fått 5,17 millionar kroner til finansieringa av det. Målet er å utdanne/vidareutdanne spesialistar, teknisk og pedagogisk, til forskning; "education and training". Emna skal vere på 7,5 sp. for å tilpasse dei til ulike behov hos studentane. Studentane ønskjer ei grad som er kreditert i Noreg. All undervisning skal føregå i Bolivia, og ein vil ta i bruk videokonferanse etc. UiB har brukt mykje tid på kreditering av studiet, og ventar no berre på ei siste underskrift frå bolivianske myndigheiter. Saka blir avslutta i universitetsstyret i desember. UUI stiller seg positiv til søknaden om oppretting av fellesgraden.

### **Sak 20/11 (diskusjonssak): Bruk av CEFR**

Skal vi bruke CEFR (The Common European Framework of Reference for Languages: Learning, Teaching, Assessment) i emneomtalar for t.d. å kunne stille presise krav til språklege forkunnskapar overfor utanlandske studentar?

Spørsmålet gjeld både krav til norskkunnskapar og til dei andre framandspråka ved instituttet, og korleis det skal presenterast i emneomtalane. Dette må ein kome tilbake til og legge fram eit forslag til 15. februar.

### **Sak 21/11 (diskusjonssak): Studiekvalitetsbasen**

Korleis skal vi evaluere emna våre og korleis skal vi bruke den nye kvalitetsbasen (<http://kvalitetsbasen.uib.no>).

Ein bør bruke denne i større grad, men passe på å filtrere bort personkarakteristikkar osv., som kan vere uheldige å publisere. Målsetning: Betre evaluering. Forslag: Emneevaluering som obligatorisk arbeidskrav, men det vil vere eit problem i dei faga der mange ikkje møter på undervisning. Evalueringsmøte på fagkritisk dag eller møte med studiekonsulent.

### **Sak 22/11 (diskusjonssak): Tiltak for betre studiekvalitet og hindre fråfall**

Forslag: mentorordning, "bachelorparty". Ei bachelormarkering kan vere ein god idé, då under halvparten av studentane går vidare til masterstudium. Ei mentorordning kan gjere at studentar føler seg betre ivaretekne, noko som kan hindre større fråfall. Motargumentet mot ei mentorordning var at det vil føre til større arbeidsbelastning for fagleg tilsette. Det blei foreslått å setje inn masterstudentar som mentorar.

### **Sak 23/11 (vedtakssaker): Studieplanendringar**

Italiensk: Fagmiljøet ønskjer at følgjande emne skal bytte semester: ITAL112 og ITAL113. Det vil medføre eit problem for SPIK-programmet, som vil måtte ta litteraturemnet i italiensk som ein konsekvens av dette. Saka blir teken opp att på neste møte i februar.

Kinesisk: fagmiljøet ønskjer innføring av 75 % obligatorisk oppmøte.

Spansk: SPLA104 blir flytta frå vår til haust, SPLA103 blir flytta til våren. I tillegg er SPLA104 og SPLA101 ikkje lenger obligatorisk. I staden vil det vere obligatorisk med fire av fem emne på 100-nivå i BA-graden.

Russisk: Fagmiljøet ønskjer å flytte bacheloroppgåva til 200-nivå. Årsak: Studentane er ikkje fagleg sterke nok til å skrive bacheloroppgåve allereie på 100-nivå.

TRANSHF: ein del mindre endringar, blant anna om at seminara føreset aktiv studentdeltaking.

DIDAFRAN1 og 2 og DIDASPA 1 og 2: Ny mal.

Konklusjon: Forslaget om endringane i italiensk blir teke opp i februar. Alle andre studieplanendringar blei vedtekne.

9. september 2011

Kjetil Berg Henjum, undervisningsleiar

Guro Sandnes, referent